



# Seniorkonsulent (ph.d.- koordinator)

## Seniorkonsulent (ph.d.- koordinator)

Ved Det medisinske fakultet, Klinisk institutt 1, er det ledig ei fast stilling som seniorkonsulent (ph.d. - koordinator, 100 %) med tilsetjing frå august 2019. Stillinga inngår i ein instituttadministrasjon på 14 personar. Arbeidsstaden er på Haukelandsområdet, med kontor plass i Laboratoriebygget.

Klinisk institutt 1 har om lag 240 tilsette og driv forskning, undervisning og formidling innan fagområda ortopedi, anesthesiologi, patologi, radiologi, nevrologi, nevrokirurgi, øyre-nase-hals, psykiatri, oftamologi (auge), dermatologi (hud), gastroenterologi, ernæring og nefrologi. Vi underviser og rettleier studentar og doktorgradskandidatar innan medisinstudiet og ernæringsstudiar. Du finn meir informasjon om Klinisk institutt 1 her: <https://www.uib.no/k1>

## Arbeidsoppgåver:

- følge opp instituttet sine om lag 150 doktorgradskandidatar frå søknad om opptak til disputas (sakshandsaming av søknader, rettleiing i høve studieløpet, midtvegsevaluering, rapporteringar, og formell og praktisk oppfølging ved disputas)
- tett samarbeid med forskingsgrupper, forskarskular og fakultetets forskingsseksjon
- vere instituttets ressursperson i forskingsadministrative spørsmål
- oppdatering av publikasjonar CRISin (Current Research Information System In Norway)
- rutineutvikling, kvalitetssikring, høyringar
- oppfølging av Helseforskningslova
- informasjonsoppgåver (til dømes nyhendebrev og nettsider)
- administrasjon av emne i forskarutdanninga

Det kan verte aktuelt å leggje andre oppgåver til stillinga.

## Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- søkjar må ha mastergrad. Lang relevant praksis kombinert med relevant etter- og vidareutdanning i særskilte høve kompensere for manglande formell utdanning
- erfaring frå forskarutdanningsadministrasjon
- god generell IT-kompetanse
- ønskjeleg med erfaring og kjennskap til fellessystema som Universitetet i Bergen nyttar til forskingsadministrativt arbeid (til dømes FS, Mitt UiB, ePhorte, CHRistin med fleire)
- god skriftleg og munnleg engelsk og norsk

Vi søker ein person som

- har gode kommunikasjons- og samarbeidseigenskapar og som likar folk
- digital kompetanse og evne til å tileigne seg nye ferdigheiter
- sjølvstendig, effektiv, strukturert og målretta
- nøyaktig og pliktoppfyllande
- initiativrik, serviceinnstilt og med god gjennomføringsevne

Ved vurdering av søkjaren vil vi legge stor vekt på dei personlege eigenskapane som er naudsynte for stillinga.

## Vi kan tilby:

- spanande og utviklande arbeidsoppgåver i eit sterkt fagmiljø
- faglege utfordringar med gode høve for personleg utvikling og kompetanseutvikling
- stilling som seniorkonsulent (kode 1363) i lønnssteg 55-61 i det statlege lønsregulativet. Dette utgjer for tida brutto årslønn kr. 480 600-534 100. For særleg kvalifiserte søkjarar kan høgare løn vurderast.
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- gode [velferdsordningar](#)

## Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til administrasjonssjef Jorunn Skei, e-post: [Jorunn.Skei@uib.no](mailto:Jorunn.Skei@uib.no), mobil: 48 24 52 48, kontortelefon: 55 58 54 24.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkerlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

## Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det medisinske fakultet består av fem institutt og sju senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 170413, Søknadsfrist: Avsluttet